



MØTEREFERAT

Dato: 27.10.2025

Stad: Bykle hotell (kl.12-15)

Referentar: Signe Sollien Haugå/Sonja Lien Skjevrak

Møte:

Prosjektgruppa for sti- og løypeplan

Deltakarar:

Representasjon	Namn	Til stades	
Ordførar	Hans Blattmann	x	
Planutvalet	Merethe Hjemdahl	x	
Levekårsutvalet	Thor Bernhard Sagland	-	
Råd for personar med nedsett funksjonsevne	Laila Johnsen Kjær	x	
Eldrerådet	Ola Mosdøl	-	
Ungdomsrådet	Sigrid Haugsgjerd	x	(frå kl 13)
Bykle Idrettslag	Olav Mandt	-	
Hovden Sportsklubb	Atle Egeland	-	
Grunneigarrepresentant frå Bykleregionen	Silje Rygnestad Nesvaag	x	
Grunneigarrepresentant frå Midtregionen	Arne Homme	x	
Grunneigarrepresentant frå Hovdenregionen	Agnes Hovden	x	
Hovden Næringslag	Marcin Matysik	x	
Destinasjon Hovden	Unn Hovden	x	
Hovden løypekøyering	Torvald Gautland	x	
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane	Tom Bredesen	x	
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane	?	-	
Administrasjon	Signe Sollien Haugå	x	
Administrasjon	Sigrid Bjørgum	x	
Administrasjon	Sonja Lien Skjevrak	x	



REFERAT

1. Opning

Ordførar ønskte velkomen og orienterte om føremålet med møtet og målet om å legge fram ein ny sti- og løypeplan med brei involvering av ulike interesser og aktørar.

Planarbeidet skjer parallelt med utforming av ny arealdel til kommuneplanen.

Presentasjonsrunde. Bykle næringslag ønskjer ikkje å delta i prosjektgruppa, men vil vurdere å kome med innspel nå eller i høyringsperioden.

2. Orientering om planprosess

Sonja Lien Skjevrak orienterte om planarbeidet og ulike omsyn ein har med seg inn i planarbeidet, framdrift og innkomne ønskje og innspel i grove trekk p.t..

Fokusområda i høve rettleiar for friluftslivet sine ferdslærar vart trekt fram.

Møtereferat frå alle møte blir lagt på [heimesida](#).

Målet er å ha vedtak av planen til politisk behandling før sommarferien.

- ✓ **Spørsmål** om innkomne innspel og deling av desse.
- Kommunen sender ut samanstilling av innspel som har kome inn i perioden 2022-2025 til deltakarane i prosjektgruppa. Kommentar/vurdering av desse og nye innspel blir lagt fram til drøfting i neste møte med prosjektgruppa.
- ✓ **Spørsmål** om vidare mobilisering av grunneigar-innspel og varslings til rørte grunneigarar ved ev. nye løyper i planutkastet.
- Grunneigarar må gjerne sende innspel via eiga skjema på heimesida. Det er også mogleg å kome med innspel i møta i prosjektgruppa.
- Sti og løypeplanen er ein overordna plan der kravet om varslings av rørte partar blir dekkja av høyring av planen. Det er i tillegg mogleg med drøfting i prosjektgruppa i høve til utsjekk med lokale eigarar via grunneigarrepresentantane.

3. Ulike roller med omsyn til finansiering, investering, drift, vedlikehald, skilting

Organisering av drift og vedlikehald av turveg og løypenett med omsyn til ansvar og roller kan vere del av drøftingane til ny plan.

Dagens kompensasjonsordning for grunneigarar differensierer mellom eigedom med hytteområde og utan. Det blir utbetalt likt for preparerte og stikka løyper. Det er varierende praktisering av finansiering av løypekøyting på andre vinterdestinasjonar.

Kommunen har vedtatt ein «områdemodell» for utbyggingsavtaler der bidrag frå utbyggerar skal gå til utviklingstiltak. Tiltakslista går over 10 år og tilskotet er fordelt mellom Hovde-regionen og Midt-regionen. Realisering av tiltak går seinare enn tenkt og planlagt grunna lågare utbyggingstakt enn forventa. Det er mogleg at gjeldande modell blir revidert.

Hytteveforeiningane har arbeid aktivt med å motivere hytteeigarane til å støtte løypekøytinga økonomisk. Dei vil fortsette med å motivere hytteeigarane til å bidra.



- ✓ **Spørsmål** om løypebidrag kan inngå i tomtosal-kontrakt (privatrettsleg).
- Andre kommunar praktiserer dette, men usikkert om det er pålagt eller ei oppmoding. Det må ev bli avklart om det er mogleg å pålegge dette ved sal av tomt.

Hovden løypekøyning sitt anbod gjeld denne sesongen og eitt år til.

4. Tiltaksplan for villrein – kva vil det bety for ferdselsårene?

Signe Sollien Haugå orienterte kort om konsekvens av det framlagte forslaget og om kommunen sitt forslag til høyringsuttale.

- ✓ **Spørsmål** om det er gjort ei tålegrenseanalyse.
- Det er gjennomført ei analyse av ringverknadar av hyttebygging i 2024 (Oxford research) som kan delast ved førespurnad.
- ✓ **Spørsmål** om konsekvens av at avgrensinga for villreinområdet i Naturbasen dekker delar av Nos.
- Det er ikkje signal frå sentralt eller regionalt hald om krav til nedstenging av alpinanlegget med omsyn til villrein.

Stammeforvalting, villreinnemnda og leveområdeforvaltinga ligg til mange og ulike aktørar.

Kommentar om at skular og arrangement uroar både jegerar og dyrelivet. Det er viktig å avgrense ferdsel i periodar på grunnlag av villreinen sine forflyttingar/trekk og jakt.

Det er viktig å behalde dei populære løypene og desse bør ikkje ofrast. Dersom det er dårleg eller manglande preparerte løyper i dei mest brukte områda, så blir det gjerne skøyta på skaren i eit vidare område.

Kanalisering for å styre ferdsel kontra manglande tilrettelegging for å avgrense ferdsel.

Stikka løype til Tjønnebrotbu vs preparert løype til Auversvatn – konsekvensar av å iverksette tiltak? Det er viktig å sjå på heilskapen.

Ordsifte om villreinen sin områdebruk og syklisk bruk.

5. Om vi må prioritere mellom løyper – kva kriterium skal vi nytte?

Prosjektgruppa vart delt i tre og diskuterte prioriteringar og kom med konkrete innspel til tiltak. Under er innspela frå gruppene lista opp.

Bord1:

- Ulike prinsipp i dei tre regionane sidan dei har ulik grad av hytteutbygging og bruk.
 - o Hovden – fokus på gjester
 - o Bykle – fokus på fastbuande
 - o Midt – fokus på både gjester og fastbuande
- Preparering av løyper er viktig i alle regionane.
 - o Bykle – fokus på løyper i låglandet
 - o Hovden – fokus på løyper på fjellet
- Samanbinding av løyper er viktig i alle regionane.
 - o Hovden – for å unngå biltrafikk og auke trafikktryggleiken
 - o Bykle – Nærturar og samanbinding



- Prinsippet bør vere frivillig avståing av grunn til løypetrasear.
- Viktig med tilrettelegging av nærturar i alle regionane.
- Viktigare å forbetre eksisterande trasear enn å etablere nye.
- Lokal aktivitet er viktigare enn DNT-løyper.
- Tenkje heilårsløyper (sykkel, fottur, ski).

Bord2:

- Planarbeidet bør ha størst fokus på å behalde det vi har i dag.
- Fjerne ikkje realiserte trasear i gjeldande plan.
- Både høgfell og låglandsløyper (behalde alle eksisterande), men det er viktig å ta omsyn til villrein og natur.
- Samanbinding aust – vest i staden for løyper i nye område. Det gjeld både Hovden og Midtregionen.
- Prioritere nærturar for alle på sommaren, og tilrettelegging for alle uansett funksjonsevne på vinteren.
- Forbetre områda som er i bruk på sommaren (Hegni, Hovden, Røyrvikåsen) – gjerne turveggar på tvers av rulleskitraseen i Røyrvikåsen.
- Prioritere arrangementsløyper (vidareføre dei som er i dag), ca 2 gonger i året.
- Dei tråkka løypene har mest verdi – det er ei fungerande form for kanalisering.
- Stikka løyper er nest best.
- Viktig for identiteten å ha gode løyper/turrenn-løyper.
- Må kunne ha turrenn på Hovden også
- Viktig å gjere tiltak som har reell positiv verknad på villreinen (kost-nytte).
- Ikkje nedprioritere omsynet til folkehelse.
- Røyrvikåsen, Otrosåsen –legge til rette for terrengsykling
- Sykling kan bidra til å utjamne turistsesongen.
- Rideløype på vinteren.

Bord3:

- Planarbeidet bør ha størst fokus på å behalde det vi har i dag.
- Justere 'opningstida' rundt Auversvatn – viktig at vi også tar omsyn til tidspunkt med omsyn til ljøs, temp, ferieperioder.
- Harteavatn – rundløype sommar.
 - o Kommenterar frå grunneigar til det:
Veg rundt i dag – vil krevje oreigning. Ligg i verneområdet – er det ønskjeleg med kanalisering inn i det. Delvis skuggefullt.
- Skiløype i Breiveskaret gir ei fin rundløype.
- Rundløype Hartevasstjønn – familietur.
- Samanbinding der hyttene er/folk bur.
- Turveg på sommaren langs Ålmannvegen – Bykle til Breive.
- Kanalisering – sherpastien fungerer veldig godt – folk går i trappa og lite utanfor.
- Mindre tilrettelegging gir auka slitasje på naturen ved at ferdselen blir meir spreidd.

6. Relasjon

Deltakarane vart utfordra på kva for område som er viktigast å bevare ('hjarateområde'). Innspela er lista opp under.

- Jaktområde.



- Det som er tilgjengeleg for fastbuande.
- Høgfjellet.
- Galten, Kalsfjell, Galtefloti - områda er mykje brukt og populære, tilgjengeleg og vakkert.
- Bjåen og Breive – eigenart til Hovden, har landbruksstruktur, ikkje kanalisert turområde, fine kulturlandskap og skal vere det framleis.
- Hoslemo – lite prega av turisme - behalde det slik, bevare landbruksstrukturen, ikkje kanalisere inn i heia på sommaren.
- Hovden Tour (slik den var lagt om i fjor) – fint område.
- Viktig for turistnæringa at området er attraktivt.
- Auversvatn er det finaste området.
- Hovden – viktig med tilrettelegging på Hegni både sommar og vinter med tanke på tilgjengelegheit for alle.
- Børtemannsbekken på sommaren, Auversvatn på vinteren.
- Snø i alpinbakken.
- Viktig med løyper og alpinbakken er viktig – ungdommar går gjerne ikkje dei lengste løypene, tenke nærløyper, møteplassar.

7. Vegen vidare

Ønskje om fysiske møte vidare også for å legge til rette for gode diskusjonar.

Neste møte blir 10. desember på Hovden. Møteinncalling er sendt ut.

Det oppsette møtet i februar blir flytta til enten før eller etter vinterferien.

8. Oppsummering

Referat og presentasjon blir sendt til møtedeltakarane og lagt ut på kommunen si heimeside.

Møtedeltakarane får tilsendt oversikt over tidlegare innspel frå 2022 til planarbeidet sin start 1. september 2025. Det er ikkje gjort fagleg vurdering av desse innspela, det vil bli gjort i det vidare planarbeidet. Dokumentet er å rekne som ei samanstilling.

Ein tiltaksplan for vegar, stiar og løyper som er laga av student ved NMBU på Ås etter bestilling frå kommune, er også lagt ved. Denne er ikkje behandla politisk, og er å rekne som eit kunnskapsgrunnlag.

Informasjon om frist for innspel til planarbeidet er lagt ut på [heimesida](#) og andre relevante media. **Fristen er 1. desember 2025.**

Bykle, 28.10.2025